

Saksbehandlar: Adrian Husabø Bjørseth, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/8506-1

Endring av retningsliner for kommunale næringsfond

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Satsen for stimuleringstilskot for felles førstelineteneste vert redusert frå kr. 100 000 til kr. 70 000 pr kommune.
2. Satsen for stimuleringstilskot for felles næringsfond vert redusert frå kr. 100 000 til kr. 70 000 pr kommune.
3. Følgjande formulering vert innarbeidd i retningslinene for kommunale næringsfond:
«Fylkeskommunen kan i særskilde høve avvike frå dei objektive tildelingskriteria dersom den aktuelle kommunen har betydeleg med unytta midlar over fleire år, samstundes som ein ikkje har ein god plan for framtidig bruk.»

Vedlegg:

1. Framlegg til retningsliner for kommunale næringsfond (Sogn og Fjordane) gjeldande frå 2018

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

1.1 Bakgrunn for at saka er reist

Retningslinene for kommunale næringsfond vart først vedtekne av dåverande hovudutval for plan og næring i juni 2012. Retningslinene har vore revidert både i 2014 og 2015 og no seinast frå 2017. Endringane har gått ut på mindre korrigeringar i språk og omgrep samt oppdateringar som følgje av endringar i retningslinene for midlar frå kommunal og moderniseringsdepartementet.

Som følgje av utviklinga i dei kommunale næringsfonda og dei som forvaltar dei ser vi no trong for å oppdatere retningslinene for dei kommunale næringsfonda. Fylkesdirektøren tilrår i denne saka å redusere satsane for stimuleringstilskot, og i særlege høve opne for bruk av skjøn ved tildeling av kommunale næringsfond. Desse justeringane vil gjere fordelinga betre tilpassa dagens situasjon.

1.2 Om fordelinga til dei kommunale næringsfonda:

Kommunane har høve til å søke om stimuleringstilskot for felles førstelineteneste og felles næringsfond med andre kommunar. Satsane for stimuleringstilskota var i 2017 på kr. 100 000.

Når stimuleringstilskota er fordelt, vert 60 % av dei resterande midlane fordelt likt mellom kommunar som oppfyller krava, medan 40 % vert fordelt på grunnlag av folketal i kommunen.

2. Vurderingar og konsekvensar

Stimuleringstilskot

Stimuleringstilskot til felles førstelineteneste og felles næringsfond oppmodar kommunane til å etablere samarbeid over kommunegrensene. Tanken er at vi, ved å samle næringsarbeidet i eit større fagmiljø, vil kunne levere betre fagleg kvalitet i næringsarbeidet. Vi har difor sett det som positivt når kommunar har gått saman om slike felles tiltak. Vi ser no at slike samarbeid ikkje nødvendigvis fører med seg dei synergieffektane som vi hadde sett føre seg, og at det kan vere krevjande å få slike samarbeid til å fungere godt.

Fleire døme det siste året har synt dette, og det vert då vanskeleg å rettferdiggjere så sterke incentiv som ordninga legg opp til i dag. Det vil alltid vere spørsmål om korleis vi best mogleg kan fordele midlane, og vi ser no at det kan vere formålstjenleg å redusere incentiva til slike samarbeid noko.

Fylkesdirektøren tilrår difor å redusere satsane på stimuleringstilskot til felles førstelineteneste og næringsfond frå kr. 100 000 til kr. 70 000 pr kommune. Endringane i satsane for stimuleringstilskota vil gjere at potten som fordelast etter dei andre kriteriana aukar, og vi vil dermed ikkje favorisere dei kommunane med felles tiltak i like stor grad.

Bruk av skjøn

Føremålet med å løyve midlar til dei kommunale næringsfonda er at midlane skal ut til etablerarar og næringslivet for å skape fleire arbeidsplassar, og vi meiner at dei som sit tettast på næringslivet vil ha dei beste føresetnadane til å følgje opp etablerarar og småbedrifter.

Fylkeskommunen har, i tillegg til å løyve midlar til kommunale næringsfond, eit kontrollansvar overfor dei kommunane som mottok midlar. I dette ansvaret ligg det ein overordna kontroll av bruken av midlane. Dette gjeld mellom anna at prosjekta er i tråd med intensjonane til næringsfondet og retningslinene til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Fordelinga av dei resterande midlane etter at stimuleringstilskota er fordelt, er skissert i pkt. 1.2. Ei slik fordeling har sine fordelar ved at sakshandsaminga vert enkel, og at vi har ei god grunngevinga for løyvinga.

Det er stor variasjon i aktiviteten i dei ulike næringsfonda. I nokon er det stort tilfang av søknader og god konkurranse mellom prosjekt, medan andre byggjer seg opp unytta restmidlar. Vi ser difor trong til å kunne nytte skjøn i dei tilfella der ein ser at næringsfonda akkumulerer mykje unytta midlar utan ein god plan for korleis desse skal nyttast. Vi vil då ha høve til å redusere løyvinga noko til den aktuelle kommunen, til fordel for kommunar som har betre tilgang på gode søknader. Ei slik vurdering må grunnjevast i saka til hovudutval for næring og kultur. Denne endringa vil som nemnt føre til at vi kan tildele meir midlar til dei kommunane som har eit større behov for midlar.

Fylkesdirektøren tilrår difor å legge til følgjande formulering i retningslinene for kommunale næringsfond:

«Fylkeskommunen kan i særskilde høve avvike frå dei objektive tildelingskriteriana dersom den aktuelle kommunen har betydeleg med unytta midlar over fleire år, samstundes som ein ikkje har ein god plan for framtidig bruk.»

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren sine framlegg til endringar går fram av vedlegg 1. Vi har merka alle endringar med gult slik at er lett å sjå kva som er endra.